
Til lukke
med dagen!
SV


Til lukke
med dagen!
SV

# Til lukke med dagen!

Stortinget sin behandling av Sannings- og forsoningskommisjonen set punktum for arbeidet til kommisjonen, men markerer startskotet for vårt kollektive ansvar for å skape forsoning; ein prosess som må gå føre seg i lang tid framover. Rapporten har skapt erkjenning av konsekvensane av fornorskingspolitikken, og ført til ei unnskyldning frå Stortinget.

6. februar 2025 er første gong vi feirar den samiske nasjonaldagen etter behandlinga av kommisjonsrapporten. No må vi saman finne ut kva som skal til for å gå vidare. SV vil gratulere med det som både er ein dag for feiring og stoltheit, og ei moglegheit for oss alle til å reflektere over både historiske og kampar som fortsatt held fram i det samiske samfunnet. Forsoning er vanskeleg å få til med pågåande konfliktar, og særleg når desse er ein reell trussel for overlevinga til den samiske kulturen. Konsekvensane av fornorskingspolitikken lever enno; både i samfunnsstrukturar, lokalsamfunn, familiar og for enkeltpersonar. Det er framleis mange kampar knytt til å vere samisk. Kamp for å ta vare på språk og kultur, og kamp mot krefter som truar dei. Å forstå det, og å føre ein politikk som verkeleg kan endre, lækje og fornye er nøkkelen til forsoning. Slik fornorskingspolitikken var ein langvarig prosess, må også forsoninga bli det.

SV er bygd på den radikale, folkelege tradisjonen og kampar som har bore fram det norske demokratiet og velferdsstaten. 6. februar er ein festdag, men også ei markering for å minnast det store politiske samemøtet som fann stad i Tråante/Trondheim i 1917. Her samla samar seg på tvers av landegrenser for å løfte felles utfordringar knytt til mellom anna vern av reindrifta og fornorskingspolitikken, og for å organisere seg for å komme desse utfordringane i møte. Den samiske rettskampen er på den måten ein del av SV sitt politiske prosjekt. Gratulerer med dagen!

**Sosialistisk Venstreparti**
Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn i SV her:**

# Til lukke med dagen!

Stortinget sin behandling av Sannings- og forsoningskommisjonen set punktum for arbeidet til kommisjonen, men markerer startskotet for vårt kollektive ansvar for å skape forsoning; ein prosess som må gå føre seg i lang tid framover. Rapporten har skapt erkjenning av konsekvensane av fornorskingspolitikken, og ført til ei unnskyldning frå Stortinget.

6. februar 2025 er første gong vi feirar den samiske nasjonaldagen etter behandlinga av kommisjonsrapporten. No må vi saman finne ut kva som skal til for å gå vidare. SV vil gratulere med det som både er ein dag for feiring og stoltheit, og ei moglegheit for oss alle til å reflektere over både historiske og kampar som fortsatt held fram i det samiske samfunnet. Forsoning er vanskeleg å få til med pågåande konfliktar, og særleg når desse er ein reell trussel for overlevinga til den samiske kulturen. Konsekvensane av fornorskingspolitikken lever enno; både i samfunnsstrukturar, lokalsamfunn, familiar og for enkeltpersonar. Det er framleis mange kampar knytt til å vere samisk. Kamp for å ta vare på språk og kultur, og kamp mot krefter som truar dei. Å forstå det, og å føre ein politikk som verkeleg kan endre, lækje og fornye er nøkkelen til forsoning. Slik fornorskingspolitikken var ein langvarig prosess, må også forsoninga bli det.

SV er bygd på den radikale, folkelege tradisjonen og kampar som har bore fram det norske demokratiet og velferdsstaten. 6. februar er ein festdag, men også ei markering for å minnast det store politiske samemøtet som fann stad i Tråante/Trondheim i 1917. Her samla samar seg på tvers av landegrenser for å løfte felles utfordringar knytt til mellom anna vern av reindrifta og fornorskingspolitikken, og for å organisere seg for å komme desse utfordringane i møte. Den samiske rettskampen er på den måten ein del av SV sitt politiske prosjekt. Gratulerer med dagen!

**Sosialistisk Venstreparti**
Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn i SV her:**